

Artig skilt i Halsane byggefelt

13.04.2016



Skilt i byggjefeltet i Halsane.

Ved inngangen til byggjefeltet i Halsane, ved postkassane, er det montert eit uvanleg, men artig skilt.

Teksten er: **Kjør sakte. Her leker RAKKERUNGER**

Til vanleg på slike skilt står: **Køyrs forsiktig. Her leikar born.**

Kva er ein rakkarunge ? Dette må vi finna ut av.

I Kvinnherskringlo les vi at rakkar tyder avstyggjeleg person. I andre ordbøker finn rakkar i tydinga pakk, rakkarpakk.

I Lars Eskeland sitt Norsk rettskrivingsordbok er ordet rakkar bunde saman med tydinga knekt.

Ein rakkarunge er for mange ein litt styrlaus, uvoren unge som gjer mange sprell og finn på mykje rart. Ofte er handlingane til irritasjon for foreldre og andre vaksne.

Vi kjenner og til uttrykket *å rakka ned på*.

Vi kjenner ikkje til bakgrunnen for skiltet eller bruken av omgrepene ein rakkarunge.

Sjølv om ordet rakkarunge er negativt, vel vi å sjå på dette skiltet og tiltaket som artig og morosamt.

Har du andre tydingar og gode forteljingar om ein rakkarunge, skriv til redaksjonen.

Tekst/ foto: Kristian Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland